



Agnes Hoshovde Bernes
Vetåsvegen 161
5938 SÆBØVÅGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/1621 - 16/12175

Saksbehandlar:
Rolf Sandstad
rolf.sandstad@radoy.kommune.no

Dato:
26.09.2016

Referat frå møte i SU/SMU Sæbø skule

Stad: Sæbø skule møterommet

Tid: 21.september kl.17:00

Forfall frå Solveig Elvik. Solfrid Lunde-Dawson møter som vara.

Forfall frå Agnes Hoshovde Bernes, ingen vara kunne møta.

Sakliste:

1. Konstituering av SU/SMU 2016-17.
2. Godkjenning av innkalling.
3. Godkjenning av referat frå møte 13.06.2016.
4. SU/SMU sine oppgåver. Rektor orienterer
5. Årsplan for arbeidet i SU/SMU. Sjå vedlegg.
6. Godkjenning av «Plan for arbeid med sosial kompetanse» Sjå vedlegg.
7. Godkjenning av «Handlingsplan for eit godt skulemiljø» Sjå vedlegg.
8. Oppgradering av skulen sitt uteområde. Sjå vedlegg.
9. Eventuelt andre saker.





Møtebehandling:

1. Konstituering.

Leiar: Arve Hagesæter

Nestleiar: Solveig Elvik

Sekretær: Rektor er sekretær

Det vart reist spørsmål om det er lovleg å konstituera møtet utan at politisk representant var til stades i møtet. Møtet var samde om å gjennomføra møtet. Dersom det i ettertid viser seg at konstitueringa er i strid med lova, vert ny konstituering gjennomført i neste møte.

Samrøystes vedtak

2. Godkjenning av innkalling.

Samrøystes godkjent.

3. Godkjenning av referat frå møte

13.05.2016.

Leiar og sekretær gjer nødvendige justeringar i siste saka.

Samrøystes godkjent.

4. SU/SMU sine oppgåver

Rektor hadde kort gjennomgang av SU/SMU sine oppgåver.

Teke til orientering

5. Årsplan for arbeidet i SU/SMU

Leiar presenterte planen frå 2015-16. Utvalet vart oppmoda om å koma med innspel til saker dei ønskjer SU/SMU skal arbeida med dette skuleåret. Planen for dette skuleåret vert vedteken i neste møte. Det er viktig at representantane kjem med innspel til tema/saker.

Samrøystes godkjent.

6. Godkjenning av «Plan for arbeid med sosial kompetanse»

Rektor orienterte kort om planen og arbeidet med den i skulen. Det må innarbeidast revisjonsfelt som viser dato for oppdatering, revisjon og vedtaksorgan.

Planen vart samrøystes godkjent.

7. Godkjenning av «Handlingsplan for eit godt skulemiljø»

Rektor orienterte kort om planen og arbeidet med den i skulen. Det må innarbeidast revisjonsfelt som viser dato for oppdatering,

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

revisjon og vedtaksorgan.
Planen vart samrøystes godkjent.

8. Oppgradering av skulen sitt uteområde.

Rektor viste til vedlagt oversyn over bruken av 500.000. Klatreborg med kolbøttestativ, klatrepjyramide og fugleredehuske. Dette kjem i tillegg til ballarealet som var ferdigstilt ved skulestart.

Storparten av investeringa vil truleg få godkjenning som nærmiljøanlegg slik at ein kan søkja om spelemidlar. Dersom skulen får spelemidlar prioriterer SU/SMU oppgradering av ballbingen og leikeområde på framsida av skulen i neste omgang.

Arbeidet som no er tinga vil bli fullført første halvdel av november.

Saka vart teken til orientering.

9. Eventuelt andre saker.

Ein av foreldrerepresentantane spurte om bruken av «Its learning» Høg kostnad lite brukt. Kva er vegen vidare?

Rektor svara at det er drøftingar i Nordhordland om dette temaet. Alle nabokommunane har Its learning i dag, men det er ikkje sjølvsagt at det vert slik i framtida.

Rektor lova å undersøkja kor saka står, og koma tilbake med orientering i neste møte

Møtet slutt kl.18:40

Rolf Sandstad
sekretær

Arve Hagesæter
leiar

Med helsing

Rolf Sandstad
Rektor Sæbø skule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Handlingsplan for eit godt skulemiljø Sæbø skule_godkjent_21_09_2016
Plan sosial kompetanse_vedtak_2016_09_21

Mottakarar:

Agnes Hoshovde Bernes	Vetåsvegen 161	5938	SÆBØVÅGEN
Andreas Olsnes Takvam	Sæbøvegen 290	5938	SÆBØVÅGEN
Arve Hagesæter			
Eli Blomvågnes			
Emilie Knarvik Haukeland	Vetåsvegen 77	5938	SÆBØVÅGEN
Gunnhild Soltveit			
Helene Fjermestad			
Jon Askeland			
Kari Mette Ulvatn Bø			
Kjetil Oen			
Kristoffer Oen-Lunde	Radøyvegen 1000	5938	SÆBØVÅGEN
Liv Berit Rath			
Marit Hornnes			
Mikal Haukeland Heggernes	Vetåsvegen 117	5938	SÆBØVÅGEN
Robert Lorang Hansen			
Rolf Sandstad			
Solfrid Lunde			
Solveig Elvik			